

Nils Petter Rabbe  
Gjernesvegen 114  
5700 Voss

NVE Energi- og konsesjonsavdelinga  
PB 5091 Majorstua  
0301 Oslo  
uttalelse@nve.no

Fråsegn sak 201913014: Revisjon av vilkår for reguleringa av Røldal- og Suldalvassdraget.



Fig.1 Utsnitt av Hardanger Folkeblad 28/7-1964

Det har i 60 år pågått eit brot på menneskerettighetane i Røldal. Dette er ein følge av konsesjonen som vart gjeven til Røldal-Suldal kraft AS og måten anlegget vert drifta av Hydro og Lyse. Det er svært mange parallellar til saka på Fosen. Urbefolkningen i Valdalen og Røldal har måtte gje opp 5000 år gamle tradisjonar (kulturutøvelse).

**Fordi** at Hydro har nytta naturen so grovt som dei har, så har forvaltningsmyndighetene gått inn og sagt at ein må ta ekstra godt vare på det som er att.

**Hardangervidda** nasjonalpark blei oppretta som ein motreaksjon for å stoppe kraftbransjen frå å ta meir. I Valdalen vart nasjonalparkgrensa trekt svært langt ned for å hindre Hydro i å gjennomføre utvidingsplanane dei hadde.

**Dette** er døme på korleis Hydro si framferd lokalt vart dobbelt øydeleggande.

**Fyrst** tok ein det som var mest verdfullt, alt lokalsamfunnet var bygd opp rundt:

jordbruksressursane i dalbotnane. Etterpå har staten bandlagt og vore svært uvillige/restriktive til at lokalsamfunnet skulle kunne benytte restressursane. Hydro har allereie øydelagt så mykje at resten må få ligge i fred.

Det har aldri vore noko som helst myndighetssatsing for å bøte på dei direkte eller indirekte skadeverknadane frå RSK-anlegget.

På bakgrunn av dette må dei som har øydelagt ta ansvar for å retta opp att og gjera opp for seg.

- Psykososiale forhold: Eg saknar veldig ein fagrappport og tiltaksplan retta mot regulanten ang psykososiale forhold i lokalsamfunnet som ein konsekvens av eksisterande og framtidig kraftverksdrift. Mange gav opp og flytta frå Røldal som ein konsekvens av utbygginga på 60-talet. Dei mange som blei att og hadde fått livet sitt øydelagt endte gjerne opp med eit liv i utenforskap etterpå. Mange av desse lever framleis. Utryggheten i Valdalen er ein faktor som gjer psykisk belastning til dels uholdbar for ein del. Innvolvinga til Lyse i det vetle lokalsamfunnet er med på å gjera naboforhold, slektsforhold og deltakelse i fellesskap som idrett utfordrande.
- Av omsyn til landskap og miljø må det bli stilt krav om minstevassføring i heile Røldal-Suldal vassdraget slik som dagens norm for vassdragsregulering.
- Av omsyn til eit svært synleg landskapsrom må det tilretteleggast for ein levande Novlefoss ein periode sommarstid.
- Røldalsvatnet må ligga på eit stabilt nivå ca 1.juni – 1. september. LRV i Røldalsvatnet bør aukast ved at ein flyttar vekk ein del av lagringsbehovet i Røldalsvatnet gjennom å føra mykje av vatnet frå Valdalen og Votna utanom Røldalsvatnet.
- Frostrøykproblematikk Røldal må utbetrast.
- Reguleringa av Valdalsvatnet har medført behov for alternative framkomstmiddel for å nå eigedomane i dalen. Regulanten må sikre areal, bygge og vedlikehalda garasje for snøskutrar i frå der vintertraseen startar. Regulanten må bygga og vedlikehalda naust og båttopptrekk der dette er behov for tilkomst via båt.
- Straum Valdalen. Det er eit paradoks at Valdalen blei øydelagt for å produsera enorme mengder straum, men at ein ikkje har fått tilgang til å ta del i produktet som blir skapt og som beriker resten av samfunnet vårt. Dette er eit handikapp for å kunne starte opp att næring i Valdalen slik intensjonen var ifbm konsesjonen. Regulanten må tilrettelegge for at alle stølane i Valdalen får ta del i dette fellesgodet.
- Sommarvegtraseen er grunnlaget for vintervegen også store delar av vinteren. Det er to punkt som er farlige på grunn av kor traseen har blitt plassert der relativt små justeringar ville gjort det langt tryggare for allmennheten (innom Åsen og før Middalselva).
- Hovudkravet er store tiltak ifbm Valdalsmagasinet av omsyn til natur, landbruk og husdyr, fisk og vassdragsorganismar, reinsdyr og menneske. Dette bør implementerast gjennom krav i miljørevisjonen eller løysast gjennom ein heilt ny konsesjonssøknad (sjå

under: fråsegn sak# 202320330). Eg ser to alternativ som akseptable. Det minst foretrukne av dei kan komme innunder ein vilkårsrevisjon:

Eksisterande reguleringsmagasin vert bevart og det blir lagt inn magasinrestriksjonar som optimaliserar miljøforholda i og rundt vatnet. Samstundes som ein tilrettelegg med vegtunnelar og andre fysiske inngrep som gjer tilkomsten inn dalen trygg for menneske utan at det går ut over dyrelivet.

### Fråsegn sak 202320330: Søknad om konsesjon til nye kraftverk Røldal 2 og Novle 2

Min kjennskap til Røldal-Suldal kraft sitt reguleringsområde er begrensa til delar av vestre vassdrag og eg vil derfor kun uttale meg om søknadane om reversible pumpekraftverk i mellom Valdalen og Votna og i frå Røldalsvatnet til Votna.

Hadde Lyse kome med utbyggingsløyningar som hadde vore gode(t.d. i retning av forslag i vedlegg 1), så ville eg stilt meg positiv til konsesjonssøknadar. Denne søknaden om prosjekta Røldal 2 og Novle 2 går eg i mot då dei rett og slett er eit overgrep og forsterkar brotet på menneskerettigheitane som lokalbefolkningen er utsatt for. Dessutan er søknadane prega av hastverk, dårleg utgreidd, dei er utan kompensierende tiltaksplan for ulemper – spesielt med tanke på øydelagt tilkomst Valdalen.

Søknad frå Lyse vil innebera endringar i vasstanden per døgn på opptil 75cm i ein 20.6km lang strandsone i Røldalsvatnet, 2m i ein 24.3km lang strandsone i Valdalen og attpåtil 4m i ein 17.5km lang strandsone på Votna. Dette høyrer ikkje heima i nærleiken av der folk lever og bur (Valdalen og Røldalsvatnet). Med mektige forekomstar av lausmassar i desse reguleringsmagasina, så blir det enorme areal som minnar om krigssonar, tsunamikrater og tørkekatastrofar. Denne type vassdragsreguleringar må ein flytta vekk frå folk og levande varierte økosystem. Høgfjellet er ofte langt betre eigna til dette.

Dei to viktigaste grunnane til å seia nei til søknad om konsesjon er i prioritert rekkefølge:

1. Konsesjonssøknad vil ha som konsekvens å stenge Valdalen til evig tid. Regulanten avviser samstundes alle krav om å tilrettelegge trygge og forutsigbare alternativ.
2. Lyse vil heller ikkje forplikta seg til nye arbeidsplassar lokalt.

Det vil vera svært positivt at RSK blir oppgradert/bygd om. Men det må gjerast gjennom tiltak som har fokus på å reparera skadane frå 1960-utbygginga. Større rovdrift på naturressursane her er uetisk.

Kravet i vilkårsrevisjon om trygg tilkomst til Valdalen kan bli implementert gjennom ein ny konsesjonssøknad for ombygging av RSK, der reguleringsmagasinet i Valdalen inngår. Dette er eit foretrukket alternativ:

Ei restaurering av store delar av Valdalen gjennom ombygging av anlegget slik at mesteparten av lagringskapasiteten blir flytta frå Valdalsvatnet til andre eksisterande

magasin og evt. nye magasin. (Sjå Vedlegg 1: Kan vatnet nyttast smartare og meir miljøvenleg i RSK)




Fig. 2: Ein optimistisk illustrasjon av moglegheiten for ombygging av anlegget og restaurering av Valdalen

#### Bakgrunn for konklusjonar ang revisjon og konsesjonssøknad.

Eg vil i resten av skrivet mitt utdjupe kvifor konklusjonane mine er som dei er gjennom drøfting av miljørapportar, revisjon og konsesjonssøknad – satt opp mot min eigen lokalkunnskap.

**Om meg:** Eg har vakse opp i Røldal og har ønske om å flytta heim og ta over slektsgarden der. Garden vår er brattlendt og har ei lita innmark i Røldal på 12mål. Me hadde cirka 60-70mål slottemark som vart lagt under vatn ifbm neddemming av Valdalen. Det er altså ikkje grunnlag for dyrehald på garden lengre. Det er alltid ressursane frå Valdalen og Hardangervidda som har vore hovudinntekstkjelda på dette bruket. Me er ein av dei få bruka som ikkje har gjeve opp å skape eit levebrød på ressursane i Valdalen. Tilkomstproblem gjer situasjonen forståeleg, men det er trist for det er store restverdiar ein kunne utnytta over HRV i Valdalen.

For garden vår som driv næring i Valdalen ser ein at det blir stadig vanskelegare å få gjester til å booke og bli i Valdalen og områda innanfor pga tilkomst både sommar og vinter.

Det er stadig fleire som ønskjer å kansellere eller reise fra området tidlegare enn planlagt pga risikovurdering når det kjem store nedbørsmengder. Dette ser me i aukande grad om sommaren også. Spesielt Utlendingar som kjem der for fyrste gong er bekymra for om det er trygt å køyra langs sommartraseen

**Generell vurdering av situasjonen Røldal, regulanten og prosessen til no:** I ei verd der ein nærmast har ubegrensa med kunnskap om negative konsekvensar knytt til økosystem og psykososiale helse til befolkningen i nærområda til store industrianlegg, så kunne ein ikkje tru at Valdalsmagasinet hadde livets rett i den forma det eksisterar i dag. Attpåtil er det no søknad inne om å gjera forholda her endå verre enn dei er. Etter 60 år er det ikkje berre teoretiske ulemper NVE skal ta stilling til, men ein har erfart på verst mogleg måte kor gale det er. Vitnesbyrda er mange. Kva er poenget med oppgraderingar og miljørevisjon om ein ikkje skal retta opp i gamle synder? Når ein les kap 5.1.4 i revisjonsdokumentet, så tyder alt på at Lyse gjennom miljørevisjonen ønsker å bøta minst mogleg på forhold som er graverande. Og vidare er det lagt opp til at heile prosjektet med O/U skal ta utgangspunkt i «dagens tilstand» som det nøytrale nullpunkt - også skal konsekvensen av nye tiltak vurderast basert på kor mykje verre ting vil bli ifht dette. Ta f.eks tema 4.8 i konsesjonssøknaden. Her er det gjort ei verdisetting ut ifrå dagens forhold, som stort sett er relativt reduserte bestandar av fisk som ved naturleg tilstand var og ville vore bra. Med effektkjøring og reversibel pumping så er derfor dette vurdert til «noe negativ konsekvens» for Votna, Valdalen og Røldalsvatnet. Det eg ikkje finn, og som hadde vore interessant å vite var kor bra fiskebestandar ein kunne oppnå om ein gjorde forbedringstiltak som naturleg er når ein har ein pågåande miljørevisjon. Så burde konsekvensvurderinga for konsesjonssøknaden vore basert på kor mykje dårlegare resultatet blir om Lyse får konsesjon.

Dette er problematisk med å køyre miljørevisjon og O/U samstundes. I Røldal generelt og spesielt i Valdalen har me eit av dei mest inngripande og miljøkriminelle anlegga i landet. Samstundes legg vilkårsrevisjonsprosessen opp til at det skal diskuteres om det er samfunnsnyttig å oppgradere til vår tids standard miljøkrav når det gjeld bl.a. minstevassføring og magasinrestriksjonar. Det er nesten vanskeleg å tru at ein skal diskutere på dette nivået langt inn på 2000-talet. I 60 år har regulanten fått lov å kjøre over store delar av lokalbefolkningen og drive rovdrift på dei rike naturressursane som tidlegare gav livsgrunnlag til bygda. Det har på ingen måte vore ei bærekraftig utnytting av Røldalsområdet. Det er urimeleg at regulanten kan kreve å diskutere med 1960-tallets teoretiske vilkår som utgangspunkt. For i 1960 var det teori ein diskuterte, idag har me 60 år med erfaring. Er det ikkje eit lovverk som automatisk krever oppgradering til f.eks minstevassføring og magasinrestriksjonar ifbm med vilkårsrevisjonar? I all ny kraftutbygging er utgangspunktet krav om 5-percentil i minstevassføring. Dette kan i mange tilfelle vera bærekraftig og då er det gjerne ei positiv ressursutnytting.

Eg tykkjer det er underleg at NVE har starta opp ein revisjonsprosess og at dykk har sleppt igjennom ein konsesjonssøknad der forutsetningane er langt utanfor normene for dagens vasskraftproduksjon? Ein får ein følelse av at det er eitt regelverk for RSK og eit anna for alle andre? For Lyse ber faktisk om å få drive dette anlegget utan å måtte ta andre hensyn enn økonomisk profitt.

Om myndigheitene stiller krav, så gjer regulanten det. Spesielt i eit økonomisk lukrativt anlegg som RSK. Det er feigt og uansvarleg av NVE å la denne prosessen rulle avgarde slik som det er lagt opp til. NVE burde stilt strenge krav og lagt føringar for å sleppe igjennom ein konsesjonssøknad på eit anlegg som blei bygd på 1960-talet, og mot alle normer og regelverk(?) har fått lov å drive i 60 år utan ein einaste miljørevisjon eller reelle korrigeringar (RSK Vestre vassdrag).

Ullensvang kommune har i over 100 år bygd samfunnet rund kraft og industri. Allereie på 1980- og 1990-talet måtte tungindustrien gjennomgå ei massiv omlegging etter at miljølovverket hadde blitt stramma inn og myndigheitene krevde at bedriftene skulle følge det. Tidlegare dreiv fabrikkane totalt utan omsyn til miljø og pumpa giftstoff ut i fjorden, men så måtte ein brått implementere eit strengare lovverk der ein tok ansvar for både miljø og menneske. Dette kosta heilt klart dyrt for bedriftene og dei

sleit tungt økonomisk i mange år. Men i dag er dette konkurransefortrinnet når ein skal skaffe nye kontraktar og selge produkta som blir produsert.

Når ein kjem til Hydro og Lyse, så er dette tospannet framleis fastlåst i steinalderen når det gjeld miljø og samfunnsansvar i nærområdet til RSK. Og myndigheitene har latt dei fått lov å holde på utan nevneverdig innblanding. Inntil vidare fungerer det å bruka penger på advokatar som skremmer vekk eitt kvart krav frå lokalsamfunnet. Og når grasrotopprør stiller «merkevaren» Hydro og Lyse i eit litt dårleg ljøs, så pøser ein på med grønnvasking og propaganda i media, for å dysse ned realitetane i Røldal.

Når skal energimyndigheitene ta kraftgiganten Lyse inn i den nye tidsalderen slik at dei kan bygge ned kommunikasjonsavdelinga og heller satsa på bærekraftig energi med eit akseptabelt avtrykk?

### **Tilkomst Valdalen:**

Bakgrunn: Valdalen stod for 70 % av næringsgrunnlaget til Røldalsbygda før Hydro la dalen under vatn i 1966. I dag er det minimalt med næringsdrift i dalen til tross for at dei fleste stølsbruka vart forsøkt bygd opp att over HRV etter kraftutbygginga. Valdalen hadde ei 5000år lang historie med busetnad og heilt unike kvalitetar for jordbruk og stølsdrift. Valdalen var det mest produktive stølsområdet i landet fram til 1960. I dag er seterdrifta i dalen fullstendig død og Valdalsdammen slik den ligg idag er eit bidrag til at seterkulturen i Noreg er sterkt trua og raudlista. Dette kunne truleg vore annleis om myndigheitene hadde pålagt regulanten å laga tilkommelegheit som var trygg og forutsigbar. Løysingane for å bøta på tilkomstutfordringar som følge av kraftutbygging var lite gjennomtenkt og hadde truleg berre fokus på økonomiske besparelsar for Hydro. Resultatet vart dyrt for dei som er avhengig av dalen som ferdselsåre. I dag må ein ha eit arsenal av båtar, snøskutrar, traktorar, firhjulingar for å komma seg gjennom dalen i dei ulike årstidene. Dette er eit problem for både bønder, grunneigarar, friluftsfolk, Røde Kors, turistar og lokalbefolkning om vinteren. I sommarhalvåret er det og eit mareritt om ein skal bruka båt i magasinet for fiske og rekreasjon. Alle stølane på austsida av vatnet fekk ingen vegtilkomst om sommaren heller, så dei er heilt avhengig av båt for å knyta seg til omverda. Forholda for tilkomst vart langt dårlegare enn kva bygdefolket hadde forventa før utbygginga fann stad. Problema med tilkomst har og blitt vesentleg forverra i løpet av dei 60åra etterpå – både sommar og vinter. Dette både som følge av endra køyremønster på tapping/fylling, endra klimatiske forhold både globalt og lokalt i dalen (som ein konsekvens av reguleringa er det kaldare lokalt klima sommartid og varmare vinterstid(sein islegging)). Hydro har og redusert tilstedeværet sitt. Tidlegare strakk dei seg lengre for å gjera vinterframkommelegheiten så bra som mogleg ut ifrå dei forholda som er der. Dette har truleg samanheng med både økonomi og sikkerheiten til deira ansatte.

I RSK sitt revisjonsdokument, har Valdalen blitt framheva med svært høg verdi for friluftsliv.

Ein må og ta inn over seg i denne samanheng at dalen vil bli endå viktigare som ferdselsåre i eit framtidsscenario der villreinforvaltninga ynskjer å flytte ferdselen til vestvidda om vinteren og vekk frå sentrale delar av Hardangervidda om sommaren.

Tilkomsten til Valden er eit utømmeleg tema som ein ikkje kan ta lett nok på. Eg kan ikkje sjå nokre omstende der Lyse slepp unna med argumenta sine om at det ikkje er samfunnsøkonomisk lønnsamt å laga trygge og forutsigbare tilkomstløysingar inn i Valdalen. Behovet for denne ferdselsåra vil aldri forsvinne. Og løysingane i frå 1960-talet er forlengst utgått på dato. Spesielt med tanke på HMS-krav. Hydro som operatør av anlegget kan halda seg vekke om det ikkje er trygge forhold i Valdalen. Men for oss som har livet vårt i denna dalen store delar av året så må me prøva dei alternativ som finnes. Det er ofte høgt adrenalinnivå undervegs til og frå, og deretter ein dårleg følelse i kroppen etterpå. Og det sit i, for alle som brukar dalen har hatt kjipe opplevingar. Me veit om episodane då flaksen gjorde at det

gjekk godt. Så ein lever alltid med ei uro. Sjølv når ein ikkje er der. For det er alltid nokon i nær familie eller venner som er der. Er dei trygge? Kva vurderingar gjer dei? I Valdalen må ein følgje med på værmeldingar. Blir det mildt, eller mykje snø, mykje regn, vind så er plutsleg ferdselsvegen omgjort til ei dødsfelle. Usikker is, overvatn, snøskred, jordskred, steinsprang. Bølger og stor sjø for dei som ferdast med båt til stølane sine. Skal ungane vera med så må ein argumentere ekstra godt for seg for å forsvare det både for seg sjølv og for resten av familien. Det er tortur, for ein kan ikkje slutta å reisa inn der heller. Det er ein del av livet for den delen av bygda som høyrer til her inne.

Lyse har fremma eit forslag om å tilrettelegge ein trase over Tjødnastølsskar som løysing på tilkomstproblema. Det stemmer at dette ville hjelpt for framkommeligheten under visse forhold. Mange lokale brukarar av Valdalen har gått imot denne løysinga. Derfor har Lyse malt eit bilde i offentligheten der bl.a. grunneigarar blir framstilt som vanskelege. Fakta er at traseen verken vil skape forutsigbarhet eller trygghet og den vil skape fleire problemer enn forbedringar, f.eks:

- Traseen blir ein lang omveg og mange ekstra høgdemeter for både næringsinteresser og friluftsliv, i eit omfang som i seg sjølv bør vera nok til å forkaste denne løysinga.
- Traseen tvingar folk opp i frå ca 770moh og opp til 1100 moh, noko som er ein sikkerhetsfaktor i seg sjølv med tåke, snø, vind og kulde.
- Det er ein mykje lengre vintersesong her oppe(dårleg framkommelegheit).
- Traseen vil gå i områder der det er skredfare.
- Ein vil måtte lage store kurver og skjæringar i terrenget og gjere store naturinngrep høgt til fjells for å lage traseen forsvarleg mtp helning, spesielt i mellom Tjørnastølsskar og Grytingstøl.
- Traseen bidreg til at ein oftare kjem seg til nokre få hytter og stølar midt på vestsida av Valdalsvatnet. Traseen løyser ingen problemer knytt til sommar og vintertilkomst for stølane på austsida av vatnet.
- Det hjelper ikkje for vintertilkomst til nordsida av magasinet, her hovedferdselen gjennom dalen vil måtte foregå.
- Traseen vil flytte ferdeselen i frå områder der det i praksis aldri er villrein og opp i områder der det er villrein størstedelen av året. Dette vil både forstyrre villreinen og det vil bidra til ein ny uforutsigbarhet for ferdsel inn dalen i forhold til at det kan bli stengt for å skåne reinen. Regulanten har laga ein barriere som gjev veldig mange problemstillingar. Då må dei også finne gode løysingar.

Så kva er løysinga?

Eg veit det er andre som har fremma ei løysing der ein pålegg regulant å produsere/pumpe magasinet tomt f.eks midt i desember kvart år. Då kan ein nytte dei gamle ferdselårene i botnen av dalen vinterstid. Dette forslaget eller fjerning av magasinet er sjølv sagt å foretrekke. Heile anlegget er ein skam for det norske samfunnet og passar på ingen måte inn i ei løysing for å gjennomføre eit «grønt skifte».

Senking av HRV i Valdalen, ville vore eit steg i grønn retning og opna nye moglegheiter for framkommelegheit. Kvar meter med lågare HRV ville hjelpt i eit eksponensielt omfang. Om ein hadde tenkt heilt nytt og bygd om anlegget rundt reguleringsmagasina Votna, Valdalen og Røldalsvatnet, så kunne ein fått til mange gode løysingar både for natur, for tilkomst(vedlegg 1) og kraftproduksjon.

Det er eit prekært behov for å få inn eit team med entreprenørar i lag med fagfolk på vegsikkerhet og skredfare(geologi) for å kartlegge og finna løysingar for ein framtidsretta ferdsel. Dette uavhengig av om konsesjonssøknad som er igangsatt resulterer i status quo eller det skjer store endringar av anlegget. Det er ei krenking av vanlege folk og lokalbefolkning å påtvinge dei alle problemer (inkl. traumer) rundt eksisterande ferdsel. Folk er livredde og frustrerte, sinte og resignerte. Alle fire årstider.

Lokalsamfunnet har store restverdier i Valdalen over HRV. Det blir eit stadig større problem å leige ut både husvære, jakt, fiske, stølsdrift og å benytte seg av beiterettane sine når tilkomsten er så uttrygg som den er i Valdalen.

Om ein går ut ifrå verste scenario der myndighetene opprettheld Valdalsmagasinet som eit ope sår og ei barriere tilsvarende eller verre enn det er i dag, då må det bli heilt slutt på å bruka vatnet/isen som ferdselsåre. Det er behov for ei løysing omtrent som skissert her:

Tunnel i frå demningen og ca 3km innover dalen. Alternativt kan ein utvide og forsterke eksisterande veg og bygge stykkesvis med rasoverbygg der det er behov. Det kan og vera aktuelt med ein kombinasjon av nokre rasoverbygg og ein kortare tunnel. Vegen vert halden vinteropen inn til området ved Grytingstøl der det må tilretteleggast som eit startpunkt for vinterferdsel.

Tunnelmassar frå tunnelar og anleggsarbeid kan bli brukt til å lage ein molo høgare enn HRV ved utløpet til gamle Valdalsvatnet. Dette er det smalaste og grunnaste punktet på magasinet. Enklast å få til om HRV vart noko redusert, men kan uansett vera teknisk mogleg. Slik får alle stølar og eigedomar på austsida av dalen tilkomst både sommar og vinter. Det må byggast traktorveg til alle stølane herifrå.



*Fig 3: Området ved Ullsheller/Åsen. Her kunne ein laga ein molo for kryssing til stølane på austida av Valdalsmagasinet (indikert med svart streking). Trasear nede i reguleringsmagasinet på nordvestsida av gamle Valdalsvatnet (indikert med blåe strekar)*

Langs gamle/originale Valdalsvatn må ein gjere ein del rassikring og utviding av eksisterande køyrebane. I tillegg må det lagast ein til to trasear under HRV som kan benyttast når magasinet er i ferd med å bli tappa. Ca kote 730-735 som kan nyttast tidleg på vinteren og på ca 710 når magasinet er nedtappa. Dette vil bidra til å auke avstanden til snøskred og redusere farane i vinterhalvåret betrakteleg.



I tillegg er det viktig at regulanten aukar bemanning og tilstedeværet for å tilrettelegge og sikre ferdselsløypene.

Desse tiltaka vil hjelpe gje ein forutsigbar ferdsel.

**Unødvendige rasutsatte punkt på sommarvegen innover Valdalen.** Sommarvegtraseen er grunnlaget for vintervegen også store delar av vinteren. Det er to punkt som er farlige på grunn av kor traseen har blitt plassert. Relativt små justeringar ville gjort det langt tryggare for allmennheten. Rett innanfor Åsen kjem det eit kjempestort snøras over vegen kvart år og gjerne fleire gonger i løpet av vinteren.(Fig. 4)



Fig. 4: Justering av sommarvegtrase innføre Åse, forslag merka med blått. (<https://temakart.nve.no/>)

Hydro blei pålagt å tilrettelegga veg til Middalen for at grunneigarane skulle få tilkomst til nye næringsområder. Den øvste delen av vegen blei lagt i svært bratt terreng der det er veldig farleg om vinteren. Det har vore ei dødsulykke her med eit menneske som glei ned i elvajuveet og drukna. For kort tid sidan var det ei ny nestenulykke der turistane følgte vegen og kom på glid. Flaks gjorde at dei klarte seg med å bli litt blaute, men utstyret forsvann ned i elvajuveet. Kor mange fleire som har hatt nestenulykker der er umogleg å seia då det er sjeldan at nestenulykker blir meldt frå.




Fig. 5: Justering av sommarvegtrase mellom Valdalsseter og Middalsbu, forslag merka med blått. (<https://temakart.nve.no/>)

## Konsesjonssøknad saksnummer 201913014

I mange samanhengar vert prosjektet kalt for O/U. Dette er ikkje ei oppgradering, men heilt nye og store anlegg som vil kreve ny konsesjon for reguleringsmagasina som er involvert i Røldal 2 og Novle 2. Me ser at om Lyse får lov til dette så vil dei i neste omgang søke å bygge ny vannveg frå Valdalen og ned til Røldal for effektkøyring(Kap 7).

Det blir berre spekulasjonar, men det er ikkje usannsynleg at rekkefølgen Lyse søker om konsesjon (stegvise prioriteringar) er eit forsøk på å sleppe unna å søke om ny konsesjon for damanlegga. Og på denne måten unngå restriksjonar på reguleringshøgde og magasinrestriksjonar.

Eit viktig spørsmål er kva meir legg dette første byggetrinnet grunnlaget for av dei alternativa som er lista opp i kap. 7? Er det ei ønska utvikling? Og ikkje minst, kva gode løysingar bygger me oss vekk i frå med å godta denne konsesjonssøknaden? Dette må høyringsinstansane ha oversikt over dersom dei skal kunna levera relevante innspel på vegne av samfunnet som heilhet. Ikkje minst må NVE ha oversikt over dette for å kunna fatta vedtak. Men slik denne prosessen har utvikla seg siste 3 år så verkar det som energiselskapet styrer alt.

Vidare vil eg kommentera metodikken i konsesjonssøknaden. Norconsult har slått i saman alle reguleringane i vestre vassdrag (og likeins med austre vassdrag) for å gje ei verdivurdering og samla konsekvensvurdering. Dette er søkt og overfladisk. Det er tross alt eit område på fleire dagsmarsjers omfang. Og kvart reguleringsmagasin har mange kilometer (opp mot 24km) reguleringszone. Det er uendeleg mange kvalitetar og bruksfunksjonar for grunneigarar og lokalsamfunnet i kvar vik og på kvart nes av desse magasinane. Dette kjem ikkje på nokon måte godt fram. På denne måten skin det nok ein gong igjennom at konsesjonssøknaden er eit hastverksarbeid der ein forsøker å utnytte eit plutselig samfunnsbehov for balansekraft.

**Temaet Landskap og friluftsliv:** I konsesjonssøknad kap.4.10.1 står det bl.a. om Røldalsvatnet: *«Kurven for et middels år viser f.eks. at det kan komme en periode på høsten med hele 10 m lavere vannstand enn hva som ville ha vært situasjonen ved dagens regulering.»*

At denne dramatiske nedtappinga skal inntreffe i barmarkssesongen høyrer heilt urimeleg ut i eit bygdenært reguleringsvatn. Dette understøttar ein påstand om at magasinane som er involvert i Røldal 2 og Novle 2 er ueigna for denne typen vasskraftproduksjon.

I kap. 2.6.2 i fagrapport Landskap/friluftsliv er temaet minstevassføring i Novlefoss tatt for seg. Om bildematerialet med vannføringsbilder er nokolunde korrekt, så er eg einig i konklusjonen om at vassføring for å gjenskape fossen som eit landskapselement bør ligge på minst 4m<sup>3</sup> og helst litt meir. Dette tilsvarer omtrent 3x 5persentil sommar. Dette er selvfølgelig høgt mtp kraftproduksjon, men det må absolutt gjennomførast. Forslag frå Norconsult om slipp kun dagtid og/eller i ein kortare sommarperiode er eg positiv til.

Forøvrig bør 5-persentil ligge til grunn for minstevassføring i heile vassdraget mtp vassdragsøkologi og til dels for å gjenskape nokre landskapskvalitetar.

Vidare i fagrapporten er tilkomstproblematikk i Valdalen beskrevet. For så vidt ein grei beskrivelse av utfordringane i kap 2.6.1. Men noko ueinig i konklusjonen om at: *«Sen islegging tidlig på vinteren synes i liten grad å kunne knyttes direkte til magasinreguleringen(.,)».* Argumentet om at det blir tappa varmt

vatn frå bunn av magasinet er legitimt. Men hadde det vore pålegg om ei magasinregulering der ein måtte tappe vatnet relativt mykje ned før islegging så ville gjenståande magasinvolument vore raskare å kjøle ned og det ville bidratt til raskare islegging og generelt eit kaldare og meir stabilt vinterklima i Valdalen (nærmare naturleg tilstand). Eit slikt enormt kunstig magasin er ei varmekilde til det lokale klimaet på vinteren og kjøler dalen om sommaren (oppsamling av smeltevatn). Begge deler er for dei fleste forhold negativt!

Vidare er det beskrevet i fagrappporten om landskap/friluftsliv at magasinrestriksjonar som kan gi positiv effekt for ferdsel blir for omfattande til at det faller innunder ein miljørevisjon. Dette visar igjen at heile prosessen er pill råtten med korleis kommunane og Hydro blei einige om å utarbeida ein miljørapport tilbake rundt 2014-2018 og at denne no blir brukt som eit slags alibi for tvinge saka inn i eit spor som har fulgt etterpå.

I revisjonsdokumenta frå Hydro/Lyse og rapportane frå Norconsult står det konsekvent at dette er ein miljørevisjon. I vedtak frå NVE # 201913014-9 står det derimot heilt klart at det skal gjennomførast ein revisjon av konsesjonsvilkår for RSK. Her står det i innleiinga *«Det skal gjennomførast en vilkårsrevisjon i medhold av vassdragsreguleringsloven. Revisjonssaken gjelder vilkårene for konsesjon til erverv og regulering i Røldal/Suldalvassdragene, med alle supplerende vilkårssett og tilføyelser/endringer i manøvreringsreglementet i forbindelse med planendringer og tilleggsreguleringer.»* I dei påfølgjande 6 sidene er vedtaket grunngjeve. Og her kjem det tydeleg fram at revisjonen gjeld alle forhold som kan knyttast mot RSK-anlegga sine konsesjonar og vilkår. Likevel vert det i konklusjonen til NVE presisert at *«Vi vil samtidig understreke at endringer i selve konsesjonen, som endring av HRV eller LRV, ikke i noe tilfelle omfattes av revisjonsadgangen, og heller ikke vil bli vurdert i denne saken.»* Det betyr i praksis at NVE avfeier alle forslag om endring av f.eks. HRV sjølv om dette vil kunne gje den beste totale løysinga for å utbetre uakseptable forhold som blir avdekt. Dette er ein svært uheldig praksis som potensielt hindrer formålet med revisjonar.

Totalt sett er vilkårsrevisjonen ein svært forvirrande sak og det verkar ikkje som at NVE, regulant/Norconsult og kommunane er synkroniserte og einige om betingelsane her. Igjen får ein følelsen av at det er Lyse som tar seg til rette og set premisane for kva dei skal utgreie og kva dei skal ta ansvar for. Her burde NVE ha rydda opp før saka blei sendt på høyring. Lyse tek avstand frå å ta ansvar for forhold som er relevante ut ifrå NVE-vedtak # 201913014-9. Vilkår i den gjeldande konsesjonen for å sikra allmennheten trygg tilkomst inn Valdalen er på ingen måte tilstrekkelege og må derfor reviderast. Det er sterkt kritikkverdig å godkjenne publisering av eit revisjonsdokumentet der regulanten fullstendig tar avstand frå å utføra tiltak som vil bidra til trygg ferdsel i Valdalen. Det eineste regulanten er villig til å sjå på er tiltak nede i magasinet som lappverk på eksisterande løysing der ein er avhengig av ferdsel på islagt regulert vatn.

For å gjera forvirringa med vilkårsrevisjonen komplett, så legg ein til konsesjonssøknadar på 5 nye anlegg. Det ligg ikkje til rette for ein god og demokratisk prosess.

Det er uansett eit faktum at tiltaket Lyse søker om (pumping opp fra- og effektkjøring ned i Valdalsvatnet/Røldalsvatnet) vil endra forutsetningane som låg til grunn for å gje vilkår til konsesjonen av reguleringsmagasina. Altså ved godkjenning av Novle 2/Røldal 2 så utgår premisset NVE legg i vilkårsrevisjonen om å ikkje endra HRV/LRV. Reguleringsmagasinet må i så tilfelle ha ny konsesjon.

Det er ei nærmast umogleg oppgåve å gjennomføre gode argumenttrekk for prioriteringar i miljørevisjonen, når ein ikkje veit utfallet i konsesjonssaken. Samstundes er konsekvensutgreiinga for

konsesjonssaken verdiløst fordi ein tek utgangspunkt i ei verdivurdering som er basert på at områda er totalt øydelagt av eksisterande uakseptable RSK-regulering.

-I vedlegg 2.2 er det utført ein del illustrasjonar for planlagte deponi. Her kjem det fram at det er planlagt eit enormt deponi midt i Røldal ved/i Røldalsvatnet. Det samme mellom Novelfoss og demningen på Votna, rett ved stølen «Fossen». Deponiet ved Røldalsvatnet er ved/over ei drikkevasskjelde med potensiell avrenning av forureining frå sprengstoff.

I kap. 4.11.1 i konsesjonssøknad er deponiet ved stølen Fossen vurdert å kun ha «-» konsekvens. Til tross for at området pga tidlegare kraftutbygging har fått redusert landskapskvalitet, så er eg litt overraska over at ei så stor endring blir vurdert til så beskjeden konsekvens. Sjølve området rundt stølen er inntakt til tross for utbygginga som ligg tett på.

For øvrig har regulanten tilbud til interessentar å bruke tunnellmassar til «positive tiltak» i nærområdet. Det er ikkje bare å ta i mot massar utan vidare. Det krev forhåndsgodkjenning og det er dyrt å planere. Det er ikkje eit stort behov for tunnellmassar i Røldal i nær framtid ettersom det skal bygges store vegprosjekt og lange tunnellar på E134.

Forøvrig, dersom det blir gitt tillatelse til å bygge nokre av desse prosjekta som Lyse søker om, så må ein forvente at NVE stiller krav til at Lyse blir pålagt å nytte steinmassar for å sikre tilkomsten i Valdalen. Det skal bl.a. bli tatt ut 45 000m<sup>3</sup> tunnelstein i tverrslag nedstraums Valdalsdammen og heile 550 000m<sup>3</sup> frå tverrslag i Baklia. Dette er kort transport til Valdalen. Dette må nyttast til nye vintertrasear i reguleringssonen og utbetring av sommarvegen.

**Konsesjonskrafta, ein lottogevinst?** Kraftprodusenten fokuserer på overføring via konsesjonskraft. Me går truleg glipp av tilsvarende overføringar i frå landbruksstøtta, SMIL og Innovasjon Norge pga at vasskrafta har øydelagt for alternative næringar.

Midlane frå Konsesjonskrafta går ikkje til dei skaderamma delene av kommunen men blir av myndighetene sett på som nærmast ein lottogevinst til vertskommunen til tross for vesentleg redusert potensial for kommunale avgifter og skattar via anna lokal aktivitet som har blitt fordrevet av det enorme RSK anlegget. Med reversibel pumpekraft og ombygging i retning større effekt så blir skadeverknadane endå større.

Vertskommunen ser også på konsesjonskraft som noko som skal delast solidarisk imellom innbyggjarane og derfor treff ikkje denne kompensasjonen slik det var meint, jmf Stortingsdebatten rundt vedtaket då konsesjonssøknaden til Hydro gjekk igjennom på 1960-talet. Den delen av Røldal som blei hardast råka av utbygginga har ikkje blitt forfordelt eller tilgodesett med noko av konsesjonskrafta. Dette bør det også bli sett på gjennom revisjonen korleis ein kan treffa med tiltak som fungerer der skadeverknadane er størst; det gjeld både direkte økonomisk stimulans for å utløyse ny aktivitet og infrastruktur med tilkomst til restområder og tilgang på straum.

Direktør Honningsvåg i Lyse Kraft DA kunne stolt meddele følgande i debattinnlegg 19. januar 2021: *"Ingen annen virksomhet bidrar med så store overføringer til vertskommunene som vannkraften."* Olje- og energidepartementet (OED) meiner også at Røldal skal vera glad for alle inntektene kraftproduksjonen bidreg til.

Med dette bakteppet tykkjer eg det også er viktig å fokusere på at det viktigaste er alle arbeidsplassane me går glipp av. Det er dei som skapar livsgrunnlaget for distrikta. Ein fast

arbeidsplass bidreg til ein ekstra familie som igjen sikrar barnehage, skuletilbod, helsetilbod, fritidsaktivitetar, butikkar, infrastruktur osv.

Destinasjonsanalyse gjennomført av NHO-reiseliv i 2018 visar at reiselivet i Trysil bidrog til ei verdiskaping på 450 millionar kroner og 785 sysselsatte. Tala for Hallingdal var 2,3 milliardar kroner og 2200 sysselsatte.

Eg vil derfor påstå at det er sterkt misvisande når Lyse og OED framhevar at skatteinntekter frå RSK-anlegga er som å trekka gulloddet. I Røldal er det i dag ein fast arbeidsplass knytt til kraftanlegga. I Suldal er det ca 30, men dette er planlagt redusert dei neste åra.

Anlegga i Røldal ligg ikkje høgt til fjells i blant krasafarne steinurer og uproduktivt landskap slik dei fleste store kraftmagasin gjer. Den framtrudande Novlefoss, aktiviteten rundt Røldalsvatnet og ikkje minst den unike og vakre Valldalen med jordbruk, fiske, friluftsliv, langrenn og potensialet for alpinanlegg i Alpe-format. RSK-utbygginga drukna næringspotensialet i bygdesamfunnet. Aktiviteten som alternativt hadde vore her i staden for neddemte dalfører og enorme reguleringsmagasin hadde gjeve muligheter for folkevekst i staden for den utviklinga me ser no. Dette påpeikte Røldal kommune, DNT og fleire høyringspartar allereie på 1960-talet.

At kraftproduksjonen einseitig skal gavna regulanten er ein kolonistisk tankegang. For fellesskapet er det langt betre om Novlefoss vert «skrudd på att». Og at magasin kapasitet blir redusert slik at t.d mykje av Valldalen blir rehabilitert.

### **Psykososiale forhold. Splitt og hersk.**

Siste 3 åra har Lyse involvert seg sterkt med idrettslag, Røde Kors og store frivillige kulturelle institusjoner som treng midlar. Det vert derfor ubehagelig å uttrykke meiningane sine.

Korleis trur NVE det er å bu i eit lite lokalsamfunn der barn og ungdom spring rundt som reklameplakatar for bedriften som skaper problemer og stor risiko for mange familiar og naboar? På idrettsarrangement er det naturleg at leiarane i laget føler forpliktelsar for å stille opp for å marknadsføre sponsoren. Andre orker ikkje tanken på å reklamere for dei som har tatt ifra dei det mest verdfulle med livet i Røldal.

Lagbilde fra Holmenkollstafetten er beskrivande, enkelte bruker lagdrakta med Lyse-logoen. Andre bruker drakta med teip over logoen. Andre nekter å bruke drakta.

Idretten og friviligheten som skal vera arenaen for inkludering og samhold. Lyse sin strategi føles som eit kynisk og kalkulert overgrep. Det er uholdbart at det blir kjørt eit opplegg som tilsvarar sportsvaskinga me kjenner frå Midtøsten. Og slik har det til dels vore i 60 år med Hydro som hovudsponsor for idrettslaget og med det bidratt til utenforskap for mange av dei som blei hardast råka av utbygginga. Andre har resignert og andre igjen har valgt å fortrenge situasjonen i påvente av ny konsesjon og nye tider i 2022 som var grunnlaget for utbygginga. Eg er i den siste kategorien, men har ikkje tenkt å bite i meg dette lengre. Eg skal ikkje stilltiande sjå på nære, kjære og naboar som resignerer, blir satt på sidelinja eller gir opp og flytter frå bygda.

No er det NVE sitt ansvar å rydde opp i den ulykka røldalssamfunnet har blitt satt i. Noverande inngrep forårsaka av RSK forårsaker sår som aldri gror. Dette må stoppast, ikkje videreførast og forverres ytterlegare. Ein langtidseffekt er fråflytting og tapt verdiskaping lokalt, eit lokalsamfunn som smuldrar opp.

### Konsesjonssøknad kap 4.5.2: Erosjon.

Her er det i søknaden lista opp at det er lite erosjon i magasin som ligg i høfgjellet. Men kjernen for alle dei kontroversielle, uforsonlege problema knytt til RSK er at du har to gigantmagasin i lavlandet med svært stor skilnad mellom HRV og LRV. I søknaden har ein ikkje ein gong nevnt kva som skjer i Valdalsvatnet og Røldalsvatnet ifht erosjon. Men at det generelt vil stabilisere seg etter kort tid. At det er satt av mindre enn ei halv A4 side ang dette temaet er svært lite tillitsvekkande. Det er ei veldig overfladisk vurdering av eit alvorleg tema i to store magasin som er så tett på befolkningen. Det er ingen henvisning i søknaden til fagrappport som tar for seg dette temaet.

Me som brukar Valdalsvatnet til alle årstider og ferdast ved Røldalsvatnet, me veit at det er mektige lausmassar i begge vatn og at det er både ubehageleg og stedvis farleg å gå i reguleringssonen til tider når vatnet er nedtappa. Det er også satt opp ein del skilt som står på halvåtte, over HRV ved Røldalsvatnet, der det er advart mot å ferdast i reguleringssonen. Og fleire av brukarane av vatna som er avhengig av båt har rapportert om både utglidingar og utvaska ustabile steinmassar.

Igjen – eg er kritisk til at NVE har latt denne konsesjonssøknaden gå inn til saksbehandling. Å la lokalbefolkning, kommune og samfunnet for øvrig få belastninga med å kjempe mot dette overgrepet og attpåtil la regulanten sleppe unna med så slett forarbeid.

### Utbyggingsalternativ for Røldal-Suldal anlegget

Lyse har fremma ein konsesjonssøknad som heilt klart er motivert av å utnytte situasjonen i dagens kraftmarked der myndighetene tilsynelatande har eit desperat behov for balansekraft. Reversibel pumpekraft og høg slukeevne er eit opplegg som har enorme miljøkonsekvensar.

Men det er alltid lurt å vera «først» ute med kontroversielle utbyggingsprosjekt, om ein skal ha sjans til å få lov. Før befolkningen og folkevalgte på ulike nivå er skikkeleg obs på kva dette eigentleg går ut på. Det verkar som at Lyse har hasta i gong dette prosjektet for at kontroversene skulle gå mest mogleg under radaren.

Det er veldig uheldig at ikkje myndighetene set føringar for at det må utgreiast ulike alternativ for oppgradering av eit anlegg med denne storleiken.

Og ikkje minst historikken knytt til RSK. Røldal har ofra alt for mykje allereie og ja, anlegget må oppgraderast. Men det må gjerast i ein kombinasjon der vinninga blir fordelt mellom reperasjonar i vassdraget og nye inntekter.

Det er krise at Valdalen i 60 år har stått under vatn.

At ein skal vidareutvikle ein historisk tabbe med dagens konsesjonssøknad er rett og slett ikkje akseptabelt. Det blir som å røyka for å helbreda lungekreft. Som å opna vindauga når du frys inne og det er kaldt ute. Med Lyse sin søknad bygger ein seg endå meir inn i eit hjørna der terskelen for å gjera tiltak som kan retta opp i dette blir endå større. Og Lyse sitt fyrste byggetrinn legg til rette for neste byggetrinn der dei fleste alternativ (kap. 7 i konsesjonssøknad) vil gjera at forholda kun kan bli forverra (t.d. effektkjøring Valdalsmagasinet-Røldal).

Her bør både innbyggjarar og myndigheitene ha heilt andre alternativ å stille opp mot kvarandre. No har lokalsamfunnet og naturen blødd i 60 år pga nasjonen den gong trengte ei industrireising og det gav alibi til å rasere.

I 2024 er det samfunnet sitt behov for regulerbar kraft og effektkjøring i det grønne skiftet, som er brekkstang for å få lov til å gjere noko som ikkje er greit under «normale» forhold.

T.d. bør det bli gjort ei objektiv utgreiing av forslaget fleire har framsatt om å overføra vatn frå Valdalen til Lauvastøl og moglegheit for pumping til Blåsjø (sjå denne glimrande filmen:

<https://vimeo.com/792880572> som skisserar ideen. Sjå og vedlegg 1 der eg har laga nokre eksemplar som viser mykje av det samme). Lyse påstår i lokalavisa at dei har sett på forslaget, men at det viste seg å ikkje vera eit godt prosjekt. Men har dei eigentleg vurdert det seriøst og i tilfelle kva er kriteriene som er lagt til grunn for å stemple dette som eit dårleg prosjekt – og for kven? Det er fleire kompetente folk i kraftbransjen og på universiteter som har sett på forslaget og er positive til at dette burde bli sett nærmare på.

Ein stor fordel med dette prosjektet er at ein tar vekk mykje vatn og det bør derfor vera mogleg å redusere reguleringshøgda i Røldalsvatnet monaleg. Dette er viktig i ein innsjø som er så sentral i ei bygd.

Om det skulle vise seg at overføring til Lauvastøl/Blåsjø er eit dårleg alternativ så er det godt mogleg at det finnes løysingar lokalt som kan gjera Røldal-Suldal anlegget bærekraftig. Spesielt reguleringa i Valdalen kan samanliknast med å bygge skyskraparar oppå ustabile massar. Det er noko ein ikkje gjer fordi det vil skape masse problemer og farligheter. Og det kan ikkje vera ei framtidsretta investering å lappe på dette.

Når det no skal investerast masse pengar på oppgraderingar av anlegget, så må ein gjera seg flid med å bygge framtidsretta. Om regulierbar, fleksibel effekt frå Røldal er så viktig at det skal gjennomførast uansett, så er det eit ufravikeleg krav at ein utviklar dei beste konseptane med omsyn til alt og ikkje berre innteninga til Lyse.

Det må vera fokus på å få tilbake funksjonen til Valdalen for lokalsamfunnet. Å restaurere store delar av Valdalen og fjerne dei største ulempene knytt til ferdsel, natur, friluftsliv og landbruk.

Ein kan og tenka seg at ein kunne løyst ein del av utfordringane ved å sjå på lokale løysingar.

Det var som sagt ein kjempetabbe å bygge Valdalsmagasinet. Det burde vore bygd reguleringsanlegg på eit mykje høgare nivå slik at ein hadde fått større fall, mindre erosjon i reguleringssona og lite ulemper for lokalsamfunnet. Hydro trudde sannsynlegvis at så fort dei hadde fått plass Røldal-Suldal anlegget, så kunne dei byrje å eta seg vidare innover i fjellet. Bl.a. var det idear om å tappe Holmevatnet mot Vivassdalen. Seinare vart det prosjektert eit samla plan takrenneprosjekt rundt store delar av Valdalen. Kombinert med å regulere Vivassdalsvatnet og kraftstasjon i heimste del av Valdalen. Men så blei motstanden mot meir rasering så stor at nasjonalparken blei strekt mykje lengre mot Valdalen enn opprinneleg tenkt. Det var altså ikkje verneverdiane i seg sjølv som var grunnen til at Vivassdalen og Middalen vart ein del av nasjonalparken, men det var rett og slett pga traumer etter den brutale Valdalsutbygginga. Slik sett har grådigheten til Hydro straffa seg brutalt og hindrar ein del gode og bærekraftige alternative utbyggingar. Det kan ikkje vera slik at bygdefolket skal måtta betala heile prisen for dette når Hydro sjølv har øydelagt for dei gode løysingane og likevel prøver å bli med på den lukrative effektkarrusellen.

**Avslutning:** Dette blei eit uredigert dokument, og alt for langt. Eg beklagar dette. Men eg sleit med å finne ut korleis ein skulle strukturere eit høyringssvar der ein svarte ut både konsesjonssøknad og vilkårsrevisjon.

Og tida rann ut på slutten.

Med venleg helsing Nils Petter Rabbe

1 stk. Vedlegg: Vedlegg 1 Kan vatnet nyttast smartare og meir miljøvenleg i RSK